

TURLØYPER OG SKIANLEGG

Retningslinjer for søknad om tilskot

Stryn kommune sett kvart år av midlar i budsjettet til drift av turløyper og skianlegg. Både idrettslag og private kan søkje om tilskot frå midlane, dersom dei kjem innfor reglane som er vedtekene for denne ordninga. I tillegg til desse midlane har Stryn kommune kulturmidlar i budsjettet til drift av organisasjonseigde idrettsanlegg. Det er behov for å klaregjere kva type midlar dei ulike tilskotsordningane sorterar under.

- **Kulturmidlar** - Midlar ligg inne i årsbudsjettet. Organisasjonseigde idrettsanlegg sorterar under denne ordninga. Ordninga har egne retningslinjer.
Søknadsfrist 15.mars
- **Turløyper og skianlegg** – Vedtak om driftsmidlar i komande års budsjett må gjerast av kommunestyret
Søknadsfrist 1.september

Retningslinjer for driftstilskot til turløyper og skianlegg

1. Kven kan søkje om tilskot

Eigar- og drivar av frivillige eller private aktørar som køyrer opp ski/turløyper på minimum 2 km, fast kvar sesong, samt eigar- og drivar av alpinanlegg og hoppanlegg

- Søkjar må ha tilhald i Stryn kommune, eller ha kommunen som medeigar
- Anlegget skal vere ope for alle
- Eigar- og drivar av anlegg som mottek driftstilskot kan ikkje ta ut utbytte. Eit ev. overskot skal gå attende til anlegget og utviklinga av dette

2. Kven kan ikkje søkje om tilskot

- Frivillige eller private som primært har anlegget som forretningsdrift
- Anlegg utan direkte kommunal tilknytning/forankring

3. Krav til vedlegg

- Revidert rekneskap som syner driftsresultatet som er grunnlag for søknad
- Søkjarar som har fått midlar av ordninga, skal legge ved ein rapport som klargjer bruken av midlane som vart tildelt. Rapporten kan bli vektlagd ved neste års tildeling.

4. Generelt

- Søknaden skal leverast elektronisk på fastlagt skjema innan fristen, med dei vedlegg som er kravd for at søknad skal bli godkjend
- **Søknadsfrist 1.september er absolutt.** Søknad innkomme etter frist vert ikkje handsama
- Saka vert behandla i skule- og kulturutvalet
- Stryn idrettsråd har uttalerett i saka
- Kommunen tilskriv siste års søkjarar i forkant av neste års søknadsfrist

(oppdatert 28.01.2020)